
Fra: Nordhordland Husflidslag <nordhordland.husflidslag@outlook.com>
Sendt: søndag 10. november 2019 21:29
Til: Jarle Landås
Kopi: Aud Marit; Gina Blomberg
Emne: Lokala På Dale

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget



Radøy Kommune v/ Jarle Landås

Viser til samtale med nestleiar i Nordhordland Husflidslag, Aud Marit Halland, om dei ledige lokala på Dale.

Nordhordland Husflidslag driv ei omfattande kursvirksomhet som krev eigna lokale, noko me manglar pr. i dag. Sidan barnehagen har flytta ut av lokala på Dale har det ikkje vore noko aktivitet i dei lokala.

Nordhordland Husflidslag ynskjer å låne dei ledige lokala i kjellaren mot at me fører tilsyn med lokale, noko me håpar Radøy Kommune ser med velvilje på.

Som nemt, treng me ein stad å ha kurs men og til andre aktivitetar i regi av Husflidslaget. Lokala i kjellaren er svært godt eigna til vårt føremål, både med tanke på storleik og geografisk plassering i den nye storkommunen Alver.

Om me får eit positivt svar i frå Dykk, ber me om at me betalar same leige som me gjer i dag for vevstova.

Manger, 10.11.2019

Venleg helsing

Arild Hagenes

leiar, Nordhordland Husflidslag